

Referat frå styremøte i Valldal idrettslag

Tid: Torsdag 8. nov. 2018

Stad: Klubbhuset

Desse møtte: Einar Hoel, Richard Moen, Jan Ole Fuglem, Børge Heggen Johansen, Anders Rem, Silje Sandøy Grønning, Liv Marit Indreeide

Forfall: Andreas Håvoll, Odd Lennart Vikene, Torkjell Døving

Sak 40/18 Olsok-Valldalsleia

Sak utgår

Sak 41/18 Informasjon frå gruppe og styre

Trimgruppa:

Fotball: 3 lag med på futsal, G10, G13 og J14. 2 stk med på satelittrening, 2006 modellane, 2 som er plukka ut, Sivert og Magnus. Trenarkoordinator Marius Moe som har plukka ut, det er trenarkoordinator som skal plukke ut til slikt. Gir grunnlag for bylag. Blir plukka ut i vår, mars/april.

Ski: Stor aktivitet, mange som møter på innetrening/styrketrening, 29 stk i går, mange på skiskyttartrening (14), tilbod til alle, seniortreningsgruppe i lysløypa, stadig aktivitet på dugnadssida, planlegging av sesong, sonemøte i neste veke, KM til vinteren,

Disksport: Starta opp med innetrening

Friidrett: Lite aktivitet

Styret

- **Kulturbyggingsfond Fjord Kommune**

Samarbeid mellom Norddal og Stordal, sett av midlar, kr 300.000 fram til kommunenesamslåing, 1. søknadsrunden no nyleg, kan søkje om inntil 10.000 kr, delt ut til no ca 65.000 kr, 2 fristar til, februar og mai, lista ligg lavt så lenge det gir aktivitet,

Nominasjon 175 års gave Sparebanken Møre

Valldal IL er nominert, lys til stadion

Årets langrennsklubb

Modernisering av norsk idrett, høyringsmøte onsdag 14. november i Ålesund, Einar reiser

Klubbhandbok noko for oss? Retningslinjer – fotografering, politiattest, alkohol, generell info., det meste finn ein på nettsidene til idrettsfobundet, kurs i Ålesund 13. november, ikkje prioritere dette no, nok å ta tak i pr i dag.

Programkomité Olsok. Har hatt 1. møte, nye tankar omkring arrangementet, inngangspengar på sjølve arrangementet på dagen, utekonsert,

Tidtakarutstyr ta dette igjen

Brukarmøte frivilligsentralen møte måndag, Einar møter

Kome nett på klubbhuset, Frode er sett på saka, vil kome oppslag om brukarnamn og passord

Idrettsskule, ingen respons til tross for annonse

Nøklar på huset, må ta ei runde på dette no, Torkjell tek ei runde med fotball, avtale ved utlån, kr 300 dersom nøkkel ikkje blir returnert,

Ny port til garasje/lager, Torkjell ventar på tilbod frå Høvleriet

Ressursgruppa i sving på dagtid torsdagane,

ATV, Anders hentar inn tilbod,

NM motbakkeløp,

Sak 42/18 Anlegg

Plan for anlegg og utstyr, motivasjon for å drive anlegga godt, viktig dokument inn mot kommunen, god den planen vi har no, gjeld for 2019, bør gå gjennom denne årleg,

Sak 43/18 Krise-/beredskapsplan

Arb. gruppe hadde møte førre torsdag, ROS-analyse, gjekk igjennom, type hendingar, arbeider vidare med dette.

Sak 44/18 100 år

Jubileumslogo? Bruke (lime på) på alle premiar, t-skjorte, refleksvest, Torkjell prøvar å utforme jubileumslogo med utgangspunkt i den vi har i dag.

Bilde som fortel historia til laget. Arbeide meir med dette. Silje og Odd Lennart får oppdraget med å arbeide med dette. Einar etterlyser bilder på facebook. Tek sikte på å ha klart til årsskiftet.

Logo på veggen (ute) til klubbhuset

Sak 45/18 GDPR

Marius Moe får oppgåva med å sjå på dette. Informere.

Møtet slutt kl 22.20

Liv Marit Indreeide

-referent